

Slik mannen i gata ser det

Andreas Hompland

I denne eliteforsamlinga har eg fått i oppdrag av sprakrad dot no å halda eit innlegg som kunne ha vore halde av "mannen i gata". Det er ei stor ære. Men så betyr då også Andreas "menneske", etter det eg har lært av Sylfest Lomheim i Språkteigen.

Eg er altså beden om å tala på vegne av folket. Den vanlige norske språkbrukaren. Grasrota.

Det er sjølsagt ein fristande posisjon, men ei umulig oppgave, som eg ikkje tar sjansen på – sjansen med SJ og ikkje med CH, som det heiter i Tor Guttus Riksmålsordboken frå 1986. Eg vågar ikkje å uttala meg på vegne av utrulig mange og ropa "Alarm, alarm." Det ville vera til å bli skisofren av – med eller utan CH og Z.

Ved nærmare ettertanke har eg kome til at det ikkje passar meg å vera "mannen i gata". Eg kan ikkje representera han, og kan neppe gje ein god presentasjon av han heller.

Eg må vera meir personlig, og på dette stadiet i programmet passar det vel å velja sjangeren kåseri. Sjangeren – ikkje genren. Og så kan sikkert noen fortella meg når K-en og Å-en erstatta C-en og AU-en i kåseri, slik at det ikkje lenger kunne forvekslast med sauseri.

Eg har lurt ein del på korfor eg er spurt om å forkle meg som mannen i gata, og har kome til at det nok bare er ein gimmik – med K og utan C.

Men eg har leika med ein annan mulighet og. At eg som skribent alltid får det til å rykka i rødpenna hos lærarar og språkrøktarar. At eg derfor er like foraktelig som mannen i gata fordi me er vankunnige og ubevisste språkslumsarar.

Det er eg ikkje. Språkslumsar. Eg kjenner normalen i begge målformer rimelig godt, og eg kan mine – eller dokka – rettskrivingsreglar. Eg er ein flittig brukar av ordbøker og ordlister. Men det er ikkje for å følgja reglane, men for å vita når eg vil bryta dei. Eg er svært så medviten om kva eg skriv, kordan eg skriv, og korfor eg skriv slik eg gjer.

For å koma med ein posisjonsbestemmelse:

Eg er ikkje målmann. Eg er personlig nynorsking. Det er ein del av oss. Ja, kanskje er det slik at Are Kalvø og dei fleste av oss som skriv nynorsk offentlig – og frivillig – utanom skuleverket og dei språklovregulerte institusjonane, er personlige nynorskingar. Me skriv nynorsk med vår eigen svip. Me er uskikkelige. Me vekslar mellom det folkelige og ufolkelige, me blandar høgt og lågt, gamalt og nytt, reint og ureint og gjer det til vårt – kvar for oss. Dei som eig nynorsken, ville helst ha nekta oss slikt spelerom, men me tar oss til det. Det er derfor me skriv eit slags nynorsk. Det er bra for oss, men neppe bra for nynorsken som ærbart, lærbart og samlande normalspråk.

Sylfest Lomheim har karakterisert språkbruken min slik: "Språket hans har dei fleste lyte som norsklærarar slær ned på. Og så har det dei fleste kvalitetar som utviklar gode lesarar."

Rett nok skreiv Sylfest dette i eit lite skriftstykkje då eg fylte 50, så me får ta høgde for høvet og trekka frå for kjende. Men han la også til at eg nok er og blir einestående – eit vellukka blindspor i

utviklinga av homo neonorvegicus. Og at eg aldri kjem til å få noen målpris frå Norsk Måldyrkingslag. Det har han åpenbart rett i, men eg har fått Vinjeprisen, og den set eg høgt. Som heider for tvisyn og uskikkelighet – også språklig. Og eg meiner det er ein samanheng her. Derfor humrar eg inni meg når norsklektorar seier at eg skriv spennande og orginale ting til side for normalt tankegods, men når dei også spør om eg ikkje kunne gjera det på meir normert språk, slik at dei kunne sleppa tekstane mine laus på elevane utan giftmerke.

Ikkje pris frå måldyrkingslaget, altså; men språkdyrkar, det er eg. Både ekstensivt og internsvt. Men etter økologiske metodar, utan bruk av kunstgjødsel, og utan å følgja råda frå statskonsulentar. Eg har ingenting mot språknormering for dei andre, bare det er frihet for meg.

Som eg sa: Det er sikkert bra for den eventuelle framtida til det nynorske skriftspråket at ikkje alle er like anarkistiske, ukorrekte og talemålsnære som meg og andre personlige nynorskingar. Sjøl om me kjem frå kvar vår side av den politiske venstresida, står eg nok i same frihetlige og elitistiske posisjon som professor Helge Sandøy.

Slik har mange av oss praktiserande nynorskingar det når me er ute av skåpet. Eg synest det er trist at det ikkje er slik innan bokmålsvarianten av norsk. Der blir det stadig færre personlige bokmålingar. Det er mye mindre breidde og talenær variasjon i bokmålet enn det var for 20-30-40 år sidan. Snart har jo alle gamle raddisforfattarar fått Riksmålsprisen: Tove Nilsen, Lars Saabye Christensen, Dag Solstad, Roy Jacobsen, Ingvar Ambjørnsen. Fleire av dei har ein pris frå Språklig Samling ståande lenger bak i hylla.

Tillat meg ein bit gallupistisk saklighet.

I mai 1946 stilte NGI dette spørsmålet til eit representativt utval av det norske folk – til mannen i gata: "Mener De at det bør være to skriftspråk i Norge, bokmål og nynorsk, eller bør de smeltes sammen til ett språk?"

79 % svarte at dei burde smeltast saman. 5 % svarte to språk, mens 6 % ikkje hadde noen meining.

I 1952 var 54 % for eit offisielt skriftspråk, mens 2 % ville ha det som det var. Og 22 % visste ikkje.

Så kom samnorskstriden, og etter den kom språkfreden. Nå har det vore relativt stille og fredlig i mange år. Teigdelinga rår. Mannen i gata har bare hissa seg opp over relativt perifere tema som morsmålsopplæring for innvandrarar, skriftlig sidemålstil og skrivemåten av pøbb og kjøpp.

Eit stk. galluptal til. I 1984 var spørsmålet: "Mener De at vanlige norske borgere har nok innflytelse, for liten eller for stor innflytelse når det gjelder norsk språk?"

Nok	43 %
For liten	47 %
For stor	2 %
Vet ikke	8 %

Halvparten ville ha meir dei skulle ha sagt. Men seks år seinare svarte 78 % at dei hadde lita eller inga interesse for språkspørsmål. Det er ikkje bare samnorsken som er død, men også norsken som sams stridssak. Det er alvorlig, for dei som har noe å stridast om saman, høyrer saman. Når striden

stilnar, sluttar me å bry oss. Då døyrr språket.

Eg er militærnektar, så eg har ikkje noe mot at konflikter blir løyst på sivilisert vis. Men når det gjeld språk, trur eg ikkje at fred er det beste, men at man noget vil. Og det er ei utfordring for det nye språkgorganet. Men det er fare for at direktøren kjem til å likna meir på Barneombudet enn på Politidirektøren og kommanderande generalar, for dei har instruksjonsmyndighet og valdsmonopol.

I notatet om dette seminaret heiter det at det skal vera brei deltaking av "mottakarar" og "leverandørar" av språk.

Eg har lurt på kva som ligg i dette. Kven er det som leverer, og kven er det som tar imot? Eg har ein mistanke om at det ligg ein overmodig filologisk hund begravd her. At språkeksperter og normatørane ser seg som kongelige hoffleverandørar av språk til det norske folk, mens me andre, språkbrukarane, er mottakarar.

Eg trur dette er eit paradigme som heng att frå ei meir tillitsfull og respektfull og reguleringstru tid, frå den sosialdemokratiske ordens hegemoni. I individualismens og markedsliberalismens tidsalder der ein ikkje bare kan velja mellom varer og tenester, men der det også er eit ideal å velja og sjonglera – sjonglera med S før J-en – med identitar og gjera seg sjøl til ei særprega merkevare, er det ikkje lett å koma dragande med eit språknormert fellesskap.

Som motstykke til begrepsparet "mottakarar" og "leverandørar" av språk, lanserer eg produsent, distributør og konsument. Det er for det første ikkje ei leverandør-linje, men ein sirkel. Brukarane/forbrukarane er sjølsagt dei viktigaste (re-)produsentane i neste omgang. For det andre har det kome til langt fleire konkurrerande produsentar og fleire distribusjonskanalar. Og for det tredje har markedsmakta flytta seg frå produsent til konsument. Det nyttar ikkje for det nye språkgorganet å seia at me vett det nok, men me ligg det ikkje, så derfor let me som det ikkje er slik. Alle som bruker språk, skaper språk. Dersom nyskapningen ikkje tar dette inn over seg, kjem han like dårlig ut som andre statlige og skrantande monopolistar.

Eg nærmar meg slutten, og eg må dessverre gå før debatten, for eg skal henta dotter mi på SFO før halv fem. Ho snakkar standard oslomål, liker svensk barne-TV best, ser teiknefilm med engelsk tale, plukkar opp eit og anna ord på urdu og går i nynorskklasse på Sagene skule. Det blir ho ikkje det minste forvirra av. Tvert imot. Ho leikar seg med ord og former og synest språk er fryktelig spennande. Eg har stor tru på at ho har mye å stilla med som norsk språkbrukar i framtida. Men eg må seia at det irriterer meg at slik standard bokmål ser ut til å utvikla seg for tida, så kjem den framtida til å heita fremtiden.

For å avlegga mannen i gata ein liten visitt før eg går.

Eg tok drosje hit til Lysebu, og drosjesjåførar har jo alltid vore sett på som sjølvaste mannen i gata - særleg av journalistar. (Sjåfør med SJ og Ø, ikkje med CH, AU, dobbel F og EU). Taxi-føraren pla dynka deg med sine sterke meiningar om mangt i eit saftig språk. Dersom du snakka ein dialekt frå utanfor Ring 3, fekk du ein omgang for det og.

Slik er det ikkje lenger. Drosjesamtalane har stilna. Det er eit språklig domenetap. Problemet er ikkje lenger at sjåføren radbrekker alfabetet, men at dei snakkar gebrokkent og stadig oftare ikkje er

alfabetisert i det heile tatt. Om du vil koma fram dit du skal, må du lesa teksten i kartboka for han.

Det måtte eg på veg hit. Sjøføren var frå eit fransktalande land i Afrika. Så bare for å gje eit godt råd om noen skal ta drosje hit: På drosjespråk er dette ikkje lenger Lysebu, men Liseby.

Takk for turen.

Og lykke til med morgondagen framtida.